

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal HF
Kommunane i Møre og Romsdal
Regionråda i Møre og Romsdal
Helse Møre og Romsdal HF

Vår ref.: 2016/6086 -1- 45113/2016 Dykkar ref.:
LBW

Dato: 30.11.2016

Høyring - Samarbeid om krise- og katastrofeberedskap og utvikling av den akuttmedisinske kjede i Møre og Romsdal

Med bakgrunn i vedtak frå møte i Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal 22. november 2016, sendast utkast til handlingsplan for samarbeid om krise- og katastrofeberedskap og utvikling av den akuttmedisinske kjede i Møre og Romsdal til høyring.

Høyringsfristen er sett til: Fredag 13. januar 2016

Høyringsinnspel skal sendast til postmottak@helse-mr.no

Aktuelle høyringsinstansar:

- Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal HF
- Kommunane i Møre og Romsdal
- Regionråda i Møre og Romsdal
- Helse Møre og Romsdal HF
- Eventuelt andre interessentar

Høyring:

Med mål om å operasjonalisere vedtekne samhandlingsavtalar og bygge opp under visjonen «Samhandling for å utvikle pasientens helsevesen i Møre og Romsdal», er det satt opp ei hovudmålsetting for strategiperioden 2016-2018; *Heilskaplege pasientforløp med klar ansvarsfordeling i og mellom helseføretak og kommune*. Samarbeid om krise- og katastrofeberedskap og utvikling av den akuttmedisinske kjede i Møre og Romsdal er eitt av innsatsområda som skal bidra til å understøtte realisering av målsetjinga.

I høyringa ynskjer ein særskild tilbakemelding på følgjande;

1) Er valt hovudmål det rette med bakgrunn i utfordringsbilete og behov i Møre og Romsdal?

«Samordna krise- og katastrofeberedskap og ein heilskapleg akuttmedisinsk kjede»

Telefon:	Molde/Kristiansund: 71 12 00 00	Postadr.:	6026 Ålesund	
	Ålesund: 70 10 50 00	Internett:	www.helse-mr.no	Org.nr.: 997005562
	Volda: 70 05 82 00	E-post :	postmottak@helse-mr.no	

- 2) Er dei valte tiltaka/aktivitetane dei rette for å understøtte målsetjinga? Bør det vere fleire tiltak/aktivitetar, og i så fall på kva for område og kvifor?
- 3) Sluttar ein opp om ansvar- og oppgåvefordelinga som er skildra i handlingsplanen?
- 4) Sluttar ein opp om forslag om at Akuttutval Møre og Romsdal blir gjeve mandat til å koordinere gjennomføring av dei ulike tiltaka/aktivitetane?
- 5) Sluttar ein opp om at rapportering og evaluering må inngå som ein del av arbeidet med handlingsplanen, og at det skal utarbeidast ein årleg rapport med evaluering av mål og tiltak for å sikre framdrift i samhandlingsarbeidet?
- 6) Evt andre synspunkt og innspel til handlingsplanen.

Med vennleg helsing
Britt Valderhaug Tyrholm
Samhandlingssjef, Samhandlingsavdelinga

Vedlegg: Handlingsplan – samarbeid om krise- og katastrofeberedskap og utvikling av den akuttmedisinske kjede i Møre og Romsdal